

22.august - styremøtereferat

Desse møtte: Mette Marie, Bjørg, Turid, Solveig, Nelly, Sunneva.
Vigdis var til stades på første delen av møtet.

- Sak 22/-17** Fredagskafeen og Syng med oss
Fredagskafe
Bjørg Kleppe på Frivilligsentralen sende spørsmål til deltakande lag og VTS om drifta av Fredagskafeen trongde endrast.
Det er ho som set opp plan for året.
Det er mindre bygdefolk som kjem, og det er no mest folk på sjukeavdelinga, langt færre på open omsorg.
VBK-styret gjorde samrøystes vedtak om å flytte kafeen til sjukeavdelinga med start 15.30 som før. Dette kan prøvast.
Leiar for sjukeavdelinga er positiv til flytting .Kulturskulen vil delta som før. VBK stiller opp som før. Kafe blir 1 g. pr. månad som før.
Flytting av dag var diskutert. Vi var samde om at Kulturskulen måtte bestemme kva som passa best for dei og VTS.
Bjørg kontaktar VTS, Vigdis, leiar for kafegruppa vår, held kontakt med Bjørg og får vete korleis saka utviklar seg.
VBK er oppsett på fredagskafe 8.sept.
- Syng med oss
Astrid kan ha 2 Syng med oss før ho dreg til Syden, men ho manglar ein til å spele.
Marianne er oppteken.
Styret ber Astrid spørje Evy Henriksen om ho kan spele.
- Sak 23/-17** Kvinner UT
NBK har fått midlar frå m.a. Gjensidige for å etablere møteplassar, skape nettverk for tilflyttarar.
Laget skal gjennomføre 4 aktivitetar.
Bjørg ser på om ein kan bruke Frukostgruppa frå Frivilligsentralen som base og be folk inn.
Bjørg lagar søknad.
- Sak 24/-17** Norske grønsaker
VBK deltek på aksjon måndag 16. okt. i v.42:
Levere ut posar med grønsaker+oppskrift til kundar utanfor SPAR i Valldal og Nærbutikken i Tafjord.
Målet er fokus på grønsaker, VBK kan vise seg fram, ha med rollup-en.
Solveig tingar 40 oppskriftbrosjyrer.
- Sak 25/-17** Inspirasjonsseminar i Bergen 20. - 22.okt.
Ingen reiser.
- Sak 26/-17** Samrådsmøte i Eidsbygda 22. - 24. sept.
Organisasjonskurs, bu i hytter. Laget sponsar ein del.
Nelly deltek, og spør Else om å vere med.
- Sak 27/-17** Tradisjonsmat
Vi kikar i kokeboka «Den gode smaken» og prøvar finne ei lokal oppskrift som kan sendast inn.
- Sak 28/-17** Råvareaksjon Ville vekster
Ide om å lage Blåbærmuffins og gulrotkake med røsslyng.
Dele ut kake og Ville veksterbrosjyre saman med grønsaker og grønsakhefte i v.42.
(Sunneva: Blir dette mykje på ein gong, kan det eine slå det andre i hel?
Kva med å bruke kaker og brosjyre på medlemsmøtet i okt.i staden?)

Sak 29/-17 Eventuelt
Haustplan:
September: Hausttur Kvernhusneset - Osvika tur-retur tysdag 12.sept.? v.37.
Fredagskafe.
Oktober: Medlemsmøte med tema kortlaging torsdag 5.okt.? v. 40.
Kyrkjekaffi.
November: Årsmøte torsdag 2.nov. på Raudehuset på Døving. Orientering om samanslåinga av Norddal og Stordal.
Kasserar: Turid vikarierer som kasserar for Mariann fram til årsskiftet.
Rekneskap 31.juli: Brukskonto Kr. 6748, Sansehagekonto Kr13525 Seterkonto ca. Kr 228000.
Lagerplass: Mette sender skriv til kommunen om at laget treng lagerplass til seterbøker og diverse som var lagra på Tafjordskulen og i kjellaren på Frivilligsentralen.
No er dette lagra hos AkseI Døving. Mette snakkar først med AkseI om vidare lagring der er mogleg.
VBK-skjorte: Framlegg om ei lik skjorte med påskrift Valldal bygdekvinnelag som kan brukast når vi er ute i oppdrag.
Solveig undersøker.
Besøk: Hornindal bygdekv.lag m. makar kjem på besøk 2.sept. Solveig skal vere guide og vise litt rundt.

Sunneva Linge skrivar